



Olje- og Energidepartementet
postmottak@oed.dep.no

Dykkar ref.: 19/511

Vår ref. (synast til ved svar): 5-sf/19swb

Dato: 27.09.2019

Uttale til forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Me syner til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft, og vil gje innspel til endring av det føreslegne «utpekte området» Sunnfjord og Sogn, (sjå tekstboks).

49.1 Beskrivelse av området

Det utpekte området ligger mellom Sognefjorden i sørøst, Sande i nordøst, Stavfjorden i nordvest og Åfjorden i sørvest. Den vestlige delen er til dels preget av harde, devonske bergarter som stikker opp som markerte, bratte fjelltopper mellom små og større fjordarmer og vann. Den østlige delen har mer sammenhengende fjellpartier. Vegetasjonen i området er preget av sørboreale og mellomboreale forhold med innslag av alpin sone. Området har relativt lite bosetning. Med unntak av veinettet i dalførene og noen større kraftledninger i fjellet, er landskapet lite påvirket av inngrep. E39 krysser den østlige delen av området.

Arealet i området utgjør de midtre delene av analyseområde 19. Avgrensningen er i all hovedsak basert på grensene for analyseområdet eller Miljødirektoratet og Riksantikvarens eksklusjonsforslag. Unntaket er i sørøst, der den østligste delen av analyseområdet er utelatt blant annet på grunn av at krevende topografi gjør at området er teknisk-økonomisk lite aktuelt.

ALTERNATIVE AVGRENSNINGER

Den nordvestligste delen av det utpekte området er til en viss grad geografisk adskilt fra de øvrige delene. Disse arealene er relativt små, har til dels krevende topografi og er en del av et

friluftslivsområde med DNT-hytter. Det kan være aktuelt å justere grensene her (Figur 73).



Figur 73: Rødt: Område med mulig justering av grense. Bakgrunnskart: ©Kartverket.

Faksimile henta frå http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf, s. 159
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har forvaltingsansvar for 5 villreinområde. Dette er

Sunnfjord, Førdefjella, Svartebotnen, Lærdal-Årdal og Vest-Jotunheimen.


Villreinnemnda sende inn ein grundig gjennomgang til Miljødirektoratet samt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, med tanke på vindkraft for dei 3 områda som var inkluderte i eitt av utgreiingsområda for rammeplanen (brev datert 12.10.2018 med ref. 2-vj,lå,sf/18-swb), sjå vedlegg. Gjennomgangen var gjort på oppmoding, etter at Miljødirektoratet hadde bede villreinnemndene om å gje prioriteringar av areal innanfor sine villreinområde med tanke på sårbarheit for vindkraft, til bruk i Miljødirektoratet sine innspel til rammeplanen. Me ser i ettertid at dette dokumentet og burde ha vore send direkte til NVE som eit høyringsinnspel. Med unnatak av vestre del av Sunnfjord villreinområde har villreinområde i nemnde gjennomgang kome utanom framlegget til rammeplan.

Sunnfjord villreinområde vil verte påverka av ei evt. utbygging i det utpeikte området Sunnfjord og Sogn. Sunnfjord villreinområde ligg i kommunane Gaular, Jølster, Førde og Askvoll. Det er realisering av rammeplanen i fjellområda i nord-vest, dvs. i Askvoll, som vil skape konflikt med villrein. I omtale av samfunnsverdiar med konfliktpotensiale i det utpeikte området kjem det fram verdiar for reiselivet og landskapsmessige kvalitetar samt at ein finn eit større samanhengande naturområde innanfor arealet. Det undrar oss at villrein ikkje er omtalt i det heile. I Miljødirektoratet sitt fagdokument om villrein, og dessutan i Naturbase, er det tydelege kart som syner villreinområda i Noreg. Her ser ein at fjella i nordvestleg del av det utpeikte området, som ligg i Askvoll kommune, er ein del av Sunnfjord villreinområde. NVE har tydeleg ikkje sett på villreinstamma i Sunnfjord villreinområde som nokon naturverdi som er verd å nemne.

Me vil protestere mot NVE si nedvurdering av konfliktgrad når det kjem til villreinområde som ikkje har formell status som «Nasjonalt villreinområde». Ein tankegang der dyra i eitt villreinområde skal være mindre viktige, og ha mindre krav på ivaretaking enn i andre villreinområde, er framand for villreinnemnda. Ei slik tilnærming truger eksistensen av dei villreinområda som ikkje har status som nasjonale. Utpeikinga av nasjonale villreinområde er m.a. gjort for å skape større samheng i forvaltninga av dei arealmessig største villreinområda våre. Dette har m.a. lagt til rette for regionale arealplanar for villrein, noko som var viktig for å klare utfordringane med ein einsarta forvaltning av område med areal i mange kommunar og fleire fylker. Det har aldri vore noko mål å med det degradere dei mindre områda. **Alle villreinområde husar den same arten, som Noreg har det same ansvaret for å ta vare på, og dyra i alle villreinområde har den same trongen for opne trekkvegar, og ro i kalvingsland, vinterbeite og areal for oppfostring av kalv.**

Jfr. NINA rapport 1305 kan ein konkludere med at vindmøller med tilhøyrande infrastruktur kan verte øydeleggjande for (vill)rein sine moglegheiter til å bruke dei aktuelle areala. Avhengig av topografi, klima, avstand til andre inngrep mm., kan dyra få redusert bruk av områder rundt i vid omkrins, gjerne 3-5 km. og i dei verste tilfella heilt opp til 10 km. I vår gjennomgang i ovanfor nemnde brev til Miljødirektoratet (av 12.10.2018) seier me dette om Sunnfjord villreinområde:

«Når det gjeld Sunnfjord villreinområde vil me si det so sterkt at ein vindkraftpark i eit av dei tre delane av villreinområde vil øydelegge for flokkane i den aktuelle delen sin eksistens. Her vil ein få inngrep i heilt sentrale sommarbeiter, vinterbeiter som er ein knappheitsressurs, eller i kalvingsland. For midtre delområde ser ein at hovudområdet for kalving, nytta jamnleg sidan etableringa av villreinområdet, ligg utan andre eksklusjonar inne i utgreiingsoområdet. Sunnfjord villreinområde er lite, og svært sårbart i høve til stammestorleik. Øydelegg ein eit delområde vil det føre til avvikling av heile villreinområdet. Dersom norsk forvalting meiner at kraftproduksjon med vindmøller er eit viktigare mål og ei meir riktig måte å nytte desse fjellområda på så lyt ein være ærleg å seie det slik.



Med unntak av fjellet Blægja er nesten alt fjellareal innanfor Askvoll kommune med i det utvalde området Sunnfjord og Sogn. I Naturbase finn ein at alt fjellareal i Askvoll er innlemma i villreinområdet. Det er rett å rekne heile det samanhengande, langstrakte fjellområdet innanfor avgrensinga som potensielt leveområde for rein, og dette har vore utgangspunktet for opprettinga av villreinområdet i si tid. Heilt nyleg har villreinnemnda gjennomgått og godkjend ein ny valdsøknad, der ein har tatt utgangspunkt i erfart arealbruk til dyra. Dei areala som har overlapp med vindkraftområdet i Askvoll jfr. Naturbase er då trokke ut frå teljande areal for villreinjakt. Om ein ser nøye på avgrensingane går det dermed fram at det utpeikte området Sunnfjord og Sogn i rammeplanframlegget ikkje direkte rårer det som i dag er rekna som teljande areal for villreinjakt i Sunnfjord, men det grensar kant i kant mot dette området. Nemnda meiner at ein likevel må ta vare på fjellområda i Askvoll, også vest for valdgrensa, som potensielle leveområde, tilgjengeleg for villreinen når den søker etter nye beiteområde. Reinen er ein nomadisk art som stadig har behov for å skifte på

beiteområda sine. Eit særleg tungtvegande argument mot å ta i bruk området til vindmøller er også det faktum at vindmøller kan føre til unnnvikande åtferd av rein på lang avstand. Ei utbygging i fjellområda grensande til villreinområdet kan øydelegge gode beiteareal inne i villreinområdet, i verste fall inn til 10 km innover i villreinområdet. Det vil verte eit vesentleg tap i det delområdet som vert kalla «Ytre». Som me påstår i vår gjennomgang til Miljødirektoratet, er dette villreinområdet frå før lite, og inngrep som senkar overlevinga i eitt av dei tre delområda kan rive grunnlaget vekk for å ha eit villreinområde her.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane vil oppmode om at OED vel den framsette alternative avgrensinga, der ein fiernar den nordvestre delen av det utpeikte området. Dette vil garantere for at framtidige potensielle beiteområde for rein vert ivaretekne. Det vil dessutan hindre at ei vindmølleutbygging fører til utilsikta øydelegging av vestre del av Sunnfjord villreinområde med påfølgande vanskar med å oppretthalde ei villreinstamme i Sunnfjord.

Me syner elles til høyringsuttale frå Norges Villreinråd i saka, som me fullt ut stiller oss bak.

Med helsing

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Arne J Hauge
leiar

Siri Wølneberg Bøthun
sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje fysisk signatur

Kopi til:

Miljødirektoratet; post@miljodir.no

NVE; nve@nve.no

Sunnfjord villreinutval v. Jan Ove Flaten; ioflaten@online.no

Fylkesmannen i Vestland; fmvlpst@fylkesmannen.no

Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784

VEDLEGG: Brev av 12. oktober 2018 til Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; fmsfpost@fylkesmannen.no
Miljødirektoratet; post@miljodir.no

Deres ref.:
Pernille Hoel, e-post 2. og 4. juli

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
Sak 2-vj,lå,sf/18-swb

Dato: 12.10.2018

Innspel til arbeid med nasjonal ramme for vindkraft med tanke på villreinområda Vest-Jotunheimen, Lærdal-Årdal og Sunnfjord

NVE er i gong med utarbeiding av nasjonal ramme for vindkraft. Miljødirektoratet er bedne om å gje faglege tilrådingar til NVE innanfor ei rekke miljørelaterte problemstillingar, mellom desse også tilhøve til villrein. Villreinnemndene er bedne av Miljødirektoratet om å kome med innspel til både direktoratet og til Fylkesmannen i aktuelle fylke der dei skal gje råd til Miljødirektoratet i dette arbeidet.

NINA rapport 1305 gjev ei oppsummering av dei seinare års forskning på rein sin reaksjon på vindmøller og vindmølleparkar. Rapporten oppsummerer reaksjonar på forstyrringar generelt og forstyrringar frå vindmøller og -parkar spesielt, frå reaksjon i einskilddyr på forstyrring, til flokknivå med unnvikande åtferd og endringar i arealbruk. Dei fleste studiane er gjort på tamrein, då ein finn vindmølleparkar i område med reindrift, særleg i Sverige. Sjølv om prosjekta har gjeve ulike svar er botnlinja i rapporten at vindmøller med tilhøyrande infrastruktur kan verte øydeleggande for (vill)rein sine moglegheiter til å bruke dei aktuelle areala. Avhengig av topografi, klima, avstand til andre inngrep mm., kan dyra få redusert bruk av områder rundt i vid omkrins, gjerne 3-5 km. og i ekstreme tilfelle heilt opp til 10 km. Infrastrukturen, med ferdsel både sommar og vinter vil dessutan kunne skape nye barrierar.

Tamreindrifta møter fleire stader utfordringar i og nær vindmølleparkar. Dette er og dokumentert i NINA-rapport 1305, der ein syner til intervju av reindriftssamar utført i refererte prosjekt. Det skildrast at dyra blir urolige og vanskelege å halde på ynskt plass, det opplevast og vanskar med å få dyra til å fylgje flyttruter der desse går forbi vindmølleparkar. Desse erfaringane er svært viktige. Dei syner at dyr som gjennom avl og tilvenning har lægre fluktnespons og større toleranse for uroing, også reagerer og ynskjer å unngå vindmøller. Dette er eit strekt indisium på at ville dyr vil vike unna tilsvarande områder totalt, med mindre næringsknappheit eller andre sterke stressfaktorar tvingar dei inn i området.



Grovkartlegginga av villreinsens arealbruk og trekkveggar gjennomført av Norsk villreinsenter (NVS notat 4-2018) er nyttig. Den syner korleis leveområda i sin heilskap er viktige for rein, nokre område til valde årstider andre heile året. Reinen er avhengig av å ha tilgjengeleg areal fungerande for dyra sine behov til alle dei ulike årstidene. Dynamikken i korleis dyra nyttar områda er og vesentleg å beskytte, både faste årstidstrekk og dei trekka flokkane gjer innanfor kvar årstid som beitetrekk og trekk på været.

Ein tankegang der dyra i eitt villreinområde skal være mindre viktige, og ha mindre krav på ivaretaking enn i andre villreinområde, er framand for villreinnemnda. Ei slik tilnærming truger eksistensen av dei villreinområda som ikkje har status som nasjonale. Utpeikinga av nasjonale villreinområde er m.a. gjort for å skape større samanheng i forvaltinga av dei arealmessig største villreinområda våre. Dette har m.a. lagt til rette for fylkesdelplanar (regionale arealplanar for villrein), noko som var viktig for å klare utfordringane med ein einsarta forvaltning av område med

Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784

Når dei harde og dei mjuke eksklusjonane er gjort, jfr. kartfiler frå NVE, står ein berre att med nokre lommer av fjellareal som kan vurderast vidare. Når ein ser på korleis dette då vil ramme villreinområda i fylket vil me slå fast at det ikkje finst tilgjengeleg areal som ikkje vil øydelegge viktige område for villrein. Ein vil treffe sårbare område i form av trekksoner med utveksling til naboområde (særleg for Vest-Jotunheimen), sentrale sommerbeiter, vinterbeiter, som er ein knappheitsressurs for villreinområda i fylket og dessutan mykje av kalvingslanda. Det siste er særleg tilfelle i Sunnfjord og Lærdal-Årdal. Villreinnemnda er ikkje i stand til å peike på areal der villreinstammene vil tole vindkraftproduksjon.

Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784



Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784

For Vest-Jotunheimen vil utbygging i utgreiingsområde stenge den einaste sonen der ein kan få utveksling med dyr frå Lærdal-Årdal villreinområde. Slike utvekslingssoner er svært viktige i eit langsiktig perspektiv, både for arealutnytting som reinen som nomadisk art treng, og for genetisk utveksling mot naboområde som sikrar genetisk breidde i bestandane. Det kan være freistande å argumentere med at område er ute av bruk. Dette vil være å gå baklengs inn i framtida, då målet for forvaltinga er å opne trekkrutene inn i området slik at rein kan få tilgang på dei gode beiteareala som ligg på denne halvøya av fjellandskap.

Dei areala som vil være best egna for vindkraft vil truleg ofte være samanfallande med vinterbeite. Reinen treng lav om vinteren, og lavdekte rabbar finn ein på fjellryggar der vinden held snødekket tynt. Vinterbeite er den avgrensande faktoren for bæreevna, og med det avgjerande for storleiken på bestandane i alle villreinområda i Sogn og Fjordane, der dette er aller sterkast i Sunnfjord med sitt oseane klima.

Rein nyttar beiteområda på ein syklisk måte, der det kan ta 20-30 år mellom kvar periode (fleire år på rad, men i lengde varierende etter m.a. ressurstilgangen). Det er også slik for rein at nokre areal vert nytta sjeldan, men nettopp i den perioden arealet vert nytta er det avgjerande for overleving for flokken. Eit godt døme er fjellryggar og skogsområde i ytterkant av villreinområde som bergar flokkane i år der dei mest brukte vinterbeita isar ned. Eit anna døme kan være kalvingsland som nyttast berre år om anna, men dei aktuelle åra er snø- eller vær-tilhøve slik at dyra ikkje kjem seg til, eller ikkje kan nytte dei meir tradisjonelle områda. I snøtunge 2015 såg ein døme på dette i ei rekke villreinområde, med Hardangervidda som eit særleg godt døme. **Ei verdivurdering etter mykje brukte metodar for konsekvensutgreiingar, der sjeldan brukte område vert tillagt lægre verdi, vil difor ofte slå feil ut når det gjeld rein. Dette kan føre til at me tapar tilsynelatande mindre verdifulle areal, der me i realiteten reduserer villreinområdet si bæreevne og øydelegg dyra sine bergingsmoglegheiter i vanskelege år.**

Villreinnemnda vil på denne bakgrunn be om at areal som ligg innanfor eller i grenseområda kring villreinområda Sunnfjord, Lærdal-Årdal og Vest-Jotunheimen vert trekte ut og ikkje utgreia vidare med tanke på vindkraftutbygging. Me vil dessutan tilrå at alle villreinområde vert freda for vindkraftutbygging.

Med helsing Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Arne J Hauge
leiar

Siri Wølneberg Bøthun
sekretariat

Brevet er godkjend elektronisk og er difor utan handskreve signatur

Kopi til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune; post@sfj.no

Vest-Jotunheimen Villreinutval v. Vidar Moen; Vidar.Moen@norsuncorp.no

Lærdal-Årdal villreinutval v. Kjell Olav Cock; kjell.olav@sogn.no

Sunnfjord Reinsdyrlag v. Jan Ove Flaten; ioflaten@online.no

Sekretariatsadresse:
Sogn Naturforvaltning AS
Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no / 975 14 784